

Meir ekstremnedbør i vente

Kommunane må tilpassa seg meir kraftig nedbør og auka problem med overvatn. Fleire stader kan det bli oftare skred – og havet vil stiga, åtvarar klimaforskarar.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER, FRAMTIDA.NO

Kva delar av landet som vil få størst problem, er vanskeleg å seia, ifølgje professor i meteorologi ved Bjerknessenteret, Asgeir Sorteberg.

— Det kjem an på kva risiko ein ser på. Men det ser ut til at Vestlandet kan rammast hardest viss ein ser på forandring i nedbørsflaum og ras, seier Sorteberg, og viser til scenario utvikla av Norsk Klimaservicesenter.

Han ventar fleire nedbørsrekordar framover.

— Med eit varmare klima blir det meir tilgjengeleg fukt i lufta og sannsynet for ekstrem nedbør vil auka.

Kommunar bør sikra seg med flaumvern, leia overvatn inn i naturlege våtmarksområde, eit tjern eller rundt busetnad. Kommunalar kan òg bremsa vatnet høgt oppe i eit nedbørsområde, gjennom å laga dammar og magasin over der busetnaden er.

Påverknad frå andre land?

Samanlikna med andre land vil endringane i Noreg vera relativt store i form av temperatur og nedbørsendringar.

— Men effektane av endringane er relativt små i forhold til andre land. Som eit rikt og velorganisert land er me godt rusta mot forandringane som skjer hos oss, seier Asgeir Sorteberg ved Geofysisk Institutt og Bjerknessenteret ved Universitetet i Bergen.

I kor stor grad me er rusta mot forandringar som skuldast klimaforandringar andre stader, er i liten grad kartlagt.

— Som eit lite land med ein open økonomi er me veldig kjenslevarer for internasjonale forandringar. For eksempel prisar og tilgang av matvarer, handtering av folk som flyttar ut av område der det etterkvart blir vanskeleg å livnæra seg, altså klimaflyktningar og mindre etterspurnad etter viktige norske eksportvarer som olje og gass, seier han.

Bør ta omsyn til stigande hav

Kvart år blir ismengda på Grønland redusert med 250 milliardar tonn. Ismeltinga herifrå og frå Antarktis bidrar til at havet stig.

Men kor mykje havet vil stiga i Noreg, er ulikt i forskjellige delar av landet sidan deler av landet enno stig etter siste istid.


Asgeir Sorteberg meiner alle nybygg bør ta omsyn til at havnivået stig.

— Tar ein høgde for ein knapp meter havstigning, så er ein relativt godt førebudd viss ein tenkjer ei levetid av ny infrastruktur på typisk 100 år. Byggjer ein ting som skal stå lengre bør ein nok heva nivået. Det skal seiest at desse anslaga er basert på at Grønlandsisen og Vest-Antarktis ikkje akselerer bidraget sine ytterlegare. Dette er eit tema der vi veit relativt lite, seier Sorteberg, og viser til ein ny stor studie av ismeltinga på Grønland om at havnivået kan stiga fortare enn ein før har rekna med.



FOTO: HAAVARD STENSVAND / FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Nedbør for region Sør-vestlandet, RCP8.5 - høgt, for heile året



FAKTA/ LOKAL KLIMARISIKO

Denne artikkelen er ein del av ein artikkelserie om lokal klimarisiko og loysingar på klimaproblema. Framtida.no samarbeider med lokalaviser over heile landet, Landslaget for lokalaviser, ABC Nyheter og Energi og Klima om prosjektet fram mot lokalvalet i september. Artikkelsen er støtta av Fritt Ord. Tips oss gjerne på tips@framtida.no!

SANNSYNLEG AUKE

Kraftig nedbør	Det er venta vesentleg auka i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn
Regnflaum	Det er venta fleire og større regnflaumar
Jord-, flaum- og særpeskred	Auka fare som følgje av auka nedbørmengder
Stormflo	Som følgje av havnivåstiging er det venta auka i stormflonivåa

MOGELEG SANNSYNLIGHET AUKE

Tørke	Trass i meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auka faren for tørke om sommaren
Isgang	Kortare isleggingsesong, hyppigare vinterisgangar samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten
Snøskred	Med eit varmare og våtare klima vil snøgrensa bli høgare, og regn vil oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auka faren for våtsnøskred i skredutsette område

SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE

Snøsmelteflaum	Snøsmelteflaumane vil kome stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret
----------------	---

USIKKER

Sterk vind	Truleg lite endring
Steinsprang og steinskred	Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auka frekvensen av desse skredtypene, men hovudsakeleg for mindre steinspranghendingar
Fjellskred	Det er ikkje venta at klimaendringane vil auka faren for fjellskred vesentleg

Med eit varmare klima blir det meir tilgjengeleg fukt i lufta og sannsynet for ekstrem nedbør vil auka

ASGEIR SORTEBERG,
PROFESSOR I METEOROLOGI